



Årsmelding 2023

Ein Frivilligsentral i endring



Organisering

Formål

Seljord Frivilligsentral vart stifta i 2008 og har dette som formål:

Seljord Frivilligsentral skal bidra til å styrke og koordinere den frivillige innsatsen i Seljord kommune. Den skal vera bindeleddet mellom menneske, lag og organisasjonar som ynskjer å yte ein frivillig ubetalt innsats i lokalsamfunnet. Og vera samhandlingsarena for frivillig verksemd og støttespelar for eit godt og levande lokalmiljø. Den skal også stimulere til auka deltaking av grupper og einskildpersonar som ikkje nyttar andre eksisterande tilbod og vera inkluderande for alle. Frivilligsentralen skal vera pådrivar for å sette i gang tiltak for frivillig arbeid, i samhandling med andre lag og offentlege instansar.

Om Seljord Frivilligsentral

Seljord Frivilligsentral er ein ideell organisasjon som har aktive frivillige og eigne aktivitetar, og i tillegg legg til rette for og støtter opp andre frivillige aktivitetar i Seljord kommune. Sentralen er tilknytt Bruktbui som drivast av frivillige. Til forskjell frå andre frivillige organisasjonar kan det settast av meir tid til organisering og leiing av frivillig arbeid på grunn av den offentlege støtta som Seljord Frivilligsentral får frå både stat og kommune. Dette gjer Frivilligsentralen til eit kraftsenter i lokalmiljøet, og gjer det mogleg å utvikle tilbod basert på lokale ynskjer og behov i samarbeid med lokale frivillige og organisasjonar. Frivilligsentralens viktigaste ressurs er dei frivillige. Utan desse frivillige er det ingen Frivilligsentral!

Frivilligsentralens målgruppe er alle innbyggjarar og frivillige i Seljord kommune, og i 2023 fekk me ein medlemsgruppe med representantar frå nokre av kommunens frivillige organisasjonar. Organisasjonane er vald ut frå eit ynskje om å rekke over flest mogleg målgrupper. Alle medlemmane har ein representant i valnemnda. Uansett eigarform er det ein forutsetning at eigar/medlemsgruppe gir sentralen størst mogleg grad av sjølvstyre.

Bruktbui
Seljord Pensjonistlag
Seljord Røde Kors
Seljord Idrettslag
Seljord Kommune

Styret

I 2023 var det 4 styremøte, 1 årsmøte og 2 ekstraordinære årsmøte. Nytt styre skulle bli valde inn i årsmøtet i mai, men det vart utsett fram til ekstraordinært årsmøte i november.

Fram til november bestod styret av fylgjande:

Styreleiar	Knut Dyrland
Styremedlem	Eva Margrethe Fæhn Ellingsen
Styremedlem	Magne Skaret
Styremedlem	Kari Synnøve Skoland Rue
Styremedlem	Heidi Eiesland

På ekstraordinært årsmøte 20. november vart fyljande styre vald inn:

Styreleiar	Tellef Solås (1 år)
Styremedlem	Kari Synnøve Skoland Rue (1 år)
Styremedlem	Solveig Ester Lia (2 år)
Styremedlem	Esther Haugan (2 år)
Styremedlem	Asbjørn Storrusten (2 år)

Varamedlem	Terje Øverland
Varamedlem	Trond Johnsen
Varamedlem	Marie Fremmerlid

Valnemnda

Valnemnda består av representantar for medlemmane, og det er Seljord kommune (ordførar) som er leiar.

Ordførar	Solveig Sundbø Abrahamsen, leiar for valnemnda (2 år)
Seljord Idrettslag	Ingvild Haugerud Øverland (2 år)
Seljord Røde Kors	Kari Anne Firingen (2 år)
Seljord Pensjonistlag	Inger Johanne Uvdal Kaasa (1 år)
Bruktbui	Turid Bringsås (1 år)

Ansatte

Dagleg leiar Rikke Christine Roseng (100% stilling)
Telegrafan Café er arbeidsplass for ein person frå Idea Kompetanse.

Dagleg leiars hovedoppgåve er å stimulere til og organisere samarbeid mellom sentralen, frivillige organisasjonar og enkeltpersonar. Dagleg leiar har ansvar for dagleg leing av sentralen, og å iverksette vedtak, ta initiativ til innføring av nødvendige rutinar, og opplæring og rettleiing av frivillige. Dagleg leiar har også ansvar for budsjett- og regnskapsoppfølging, og legge dei fram i tillegg til nødvendige rapportar internt og eksternt. Dagleg leiars oppgåver må vere i tråd med NFS og Seljord Frivilligsentralers vedtekter og retningslinjer. Dagleg leiar bør delta på aktuelle møter og kurs, og gjere seg kjend med lokalsamfunnet og dei aktuelle synspunkta og debattane som er relevante for Frivilligsentralen både lokalt og nasjonalt.

Dagleg leiar har deltatt på eit kurs for daglege leiarar i regi av Noregs Frivilligsentralar, samt fleire nettverksmøter i Vest-Telemark i 2023.

Lokalar

Seljord Frivilligsentral leigar lokalar av Seljord Elektriske Eigedom AS, og har ein leigeavtale fram til 2030. Delar av lokala (kafé og møtelokale) leigast ut av Frivilligsentralen til lag og organisasjonar, og også til privatpersonar. Me leigar også ut kontorplass til Mental Helse Vest-Telemark.

Samarbeidsavtale med Seljord kommune

Seljord Frivilligsentral har eit godt samarbeid med Seljord kommune, og i 2023 fekk me ein ny samarbeidsavtale. Avtala inkluderer ein auka finansiell støtte frå Seljord kommune, mot at sentralen tilbyr gratis leige til frivillige lag og organisasjonar i Seljord kommune. Me opplever

at denne nye samarbeidsavtala er særst viktig for vidare drift og aktivitet i små frivillige lag og organisasjonar, og i tillegg styrkar den Frivilligsentralens nettverk og omdømme.

Retningslinjer

I tillegg til vedtektene forhold me oss til andre skriv og forskrifter, der dei viktigste er:

Kultur- og likestillingsdepartementet


Forskrift og tilskot til Frivilligsentralar vart vedteke juli 2022. Dei viktigaste punkta for Frivilligsentralar ligg i denne paragrafen:

§ 7. Krav til frivilligsentralen

For å kunne motta tilskudd via kommunen må frivilligsentralen:

- a. drive virksomhet i samsvar med formålet i forskriftens § 1, tilpasset lokale forutsetninger og behov
- b. være eid og driftet av enten en kommune, en virksomhet i Frivillighetsregisteret, et samvirkeforetak der samtlige medlemmer er kommuner og/eller virksomheter i Frivillighetsregisteret, eller en kombinasjon av de nevnte
- c. ha et rådgivende organ som kan påvirke driften av frivilligsentralen, der frivilligheten er representert
- d. ha eget regnskap og årsrapport
- e. ha tilgang på fysiske lokaler
- f. ha minst ett årsverk, som hovedregel én person i 100 prosent stilling
- g. ha lokal finansiering tilsvarende minst 40 % av frivilligsentralens totale driftsinntekter
- h. benytte ordet «frivilligsentral» eller likelydende i frivilligsentralens navn.

Åtte anbefalinger frå Noregs Frivilligsentralar



En Frivilligsentral bør:

1. ha en daglig leder i fast stilling
2. ha egne vedtekter
3. ha et styre hvor frivilligheten er i flertall
4. ha en samarbeidsavtale med kommunen
5. ha minst 40% finansiering i tillegg til statstilskuddet
6. kalle seg en Frivilligsentral og benytte seg av Norges Frivilligsentralers grafiske profil
7. disponere egnede lokaler
8. være et supplement til kommunale tjenester, ikke en erstatning for.

NFS definerer Frivilligsentraler slik: Frivilligsentraler er mangfoldige møteplasser bygget på frivillighetens premisser og lokale ønsker, ivaretatt av ansatte i samhandling med frivillige, lag & foreninger, næring og kommune.

Utvikling av sentralen

Delar ein Frivilligsentralar opp i to hovudgrupper kan ein snakke om *Sosialsentralar* og *Samskappingsaktørar*. *Sosialsentralar* er den «tradisjonelle» måten å drive Frivilligsentralar på. Dei har egne aktivitetar, gjerne i egne lokalar. Vanlege aktivitetar i desse sentralane er t.d. handverksmøter, datakurs (for eldre), kafédrift, foredrag/konsertar, og aktivitetar for unge etter skuletid. Sosialsentralane har egne frivillige som deltek på aktivitetane. Eit uheldig resultat med desse sentralane er at dagleg leiar ofte får alt gjennomføringsansvar, og får ein «vert/vertinne»-rolle, samt at desse aktivitetane får meir fokus enn t.d. utvikling og nye samarbeid. Sjølv om det er høg aktivitet på sentralen kan det ofte gå dårleg økonomisk, for sentralen kan «låse» seg fast i «sin gruppe» sine ynskjer og behov.

Samskappingsaktørar fokuserer meir på koordinering enn eigen aktivitet, dvs. eit større fokus på å vere eit knutepunkt mellom kommune, organisasjonar og innbyggjarar. Sentralen kan t.d. vere ein samlande organisasjon små frivillige grupper kan knytte seg til for å søke midlar, utan å måtte opprette ein eigen organisasjon. Pga. fordelinga av gjennomføringsansvaret kan dagleg leiar jobbe aktivt for å opprette nye samarbeid i heile kommunen, samt tilby meir støtte i form av td. søknadsskriving. Denne servicefunksjonen kan gagne også dei som ikkje bur sentralt, for dagleg leiar er ikkje like stadsbunden for å gjennomføre prosjekt.

Dagleg leiar, i samtale med Seljord kommune, Noregs Frivilligsentralar, og Frivilligsentralar i Telemark og Agder, har vektlagt å utvikle Seljord Frivilligsentral til å ha ein større servicefunksjon for eksisterande frivillige organisasjonar, samt fasilitere og inspirere til samarbeid mellom frivillige organisasjonar, framfor at Frivilligsentralen sjølv «eiger» all aktivitet. Dette er for å unngå å vere ein konkurrent til alt det frivillige arbeidet og engasjementet som finns i heile Seljord kommune.

Fokusområde og aktivitet på sentralen 2023

I 2023 prioriterte me å arbeide med tilbod for barn og unge, tilbod til unge vaksne, og tilbod til vaksne innvandrarar. Dette skal vere fokusområde dei neste åra, og er eit ynskje frå både kommune og innbyggjarar.

Seljord Frivilligsentral har ein leigeavtale fram til 2030, og difor har det vore naturleg å lage samarbeid der Frivilligsentralens lokalar kan bli brukt. På grunn av overgangen til å ha ein større servicefunksjon har me fått fleire samarbeidspartnarar som har ansvar for egne aktivitetar.

Sjølv om me har jobba for å gå over til å ha ein større servicefunksjon har det vore viktig å behalde dei delane av Sosialsentralen som fungerer godt og som er godt forankra i lokalmiljøet. Desse er notert under "faste aktivitetar" og er kun i regi av Frivilligsentralen.

Faste aktivitetar

Kun i regi av Frivilligsentralen.

Handverkskafé

Måndagar har det vore samling for handverksinteresserte i kaféens lokalar. Noko av utstyret og materialane som er brukt blir sponsa av Frivilligsentralen mot at det som blir produsert kan seljast på jolemesssa. I år fekk me inn litt over 20 000 kroner under jolemesssa. Det er noko auking av deltakarar med innvandrarbakgrunn som me ser på som svært positivt.

Torsdagsmiddag

Kvar torsdag har det vore servert heimelaga middag i kafélokala. Arrangementet gjennomførast av personen som har arbeidsplass gjennom Idea kompetanse og ein fast frivillig. Besøkande gjeng litt opp og ned, med fast ventast mellom 3 til 5 personar, noko som er ein sterk nedgong frå tidlegare år, men omtrent det same som i 2022.

Gubbeklubb

Kvar fredag har det vore samling for alle gubbar i Seljord kommune. Her møtast mellom 10 og 17 stk. for ein god samtale og vaflar. Dette er eit svært populært arrangement.

Samarbeid

I regi av Frivilligsentralen og samarbeidspartnar.

Plassen

Frå hausten av har Mental Helse Vest-Telemark hatt ein sosial samling fyrste måndagen i kvar månad. Dei meldar sjølv at dette har vore vellykka, og at dei er svært nøgd med både oppmøte og lokala.

Babysong og småbarnstrall

Etter ynskje om å ha babysongen på ein meir nøytral arena bestemte Seljord kyrkje å flytte til Frivilligsentralen frå hausten av. Føresette med barn mellom 0 til 5 år møtast ein onsdag i månaden og syng saman med diakonen. Det er inkludert gratis lunsj som Frivilligsentralen står for, og utgifta delast mellom Seljord kyrkje og Frivilligsentralen. Arrangementa har vore svært vellykka, med so mange som 12 føresette på fleire av samlingane med minst eit barn kvar.

Kaktus ungdomskafé

Frå hausten hadde Kaktus ungdomsklubb kafé kvar tysdag i Frivilligsentralens lokalar. Dette var eit prøveprosjekt fram til nyttår. Det var godt oppmøte i starten, men etterkvart vart det

lite besøk. Nokre ungdommar fortalte at dei synast det var for lang avstand til skulen, sentrum og Granvin. Leiaren i ungdomsklubben var alt i alt nøgd.

VTSL

Vest-Telemark seniorlæring har leiga lokala ein gong i månaden og hatt foredrag. Frivilligsentralen har stått for kaffe og kake.

Utleige

Kun i regi av organisasjonen/gruppa.

Matgruppa

Ein gruppe møtes en gang i månaden og lager sunn middag saman.

Lesesirkel

Ein gruppe møtes en gang i månaden og diskuterer bøker.

Bridgeklubben

Kvar torsdag har Bridgeklubben hatt samling på Frivilligsentralen. Klubben sier sjølv av oppmøtet er bra, og at dei er nøgde med lokala. Samarbeidsavtala mellom Frivilligsentralen og Seljord kommune har gjort det lettare økonomisk, og har vore med på å sikre vidare drift av klubben.

NFF

Øvre Telemark lokallag av Norges fibromyalgiforbund har hatt forskjellige aktivitetar for medlemmer kvart møte.

I tillegg til å leige ut til desse gruppene har Frivilligsentralen leigd ut til privatpersonar.

Prosjekt

Etter skuletid

Seljord Frivilligsentral fekk 140 000 kr i støtte frå Sparebankstiftelsen DNB i 2022 for å lage eit prosjekt for og med skuleungdom. I 2023 vart midlane omdisponert til bruk i Kaktus ungdomsklubbs nye lokale, og dagleg leiar får oppdatering om bruk av midlane.

Nettverk Vest-Telemark

Frivilligsentralane i Vest-Telemark har knytta tettare band og starta eit eige nettverk. Målet er å skape ein samla front for Frivilligsentralane i Vest-Telemark. I 2023 hadde me oppstartsmøte, og har kontinuerleg kontakt og dialog.

Trivselsgruppa

I 2022 fekk den nyoppstarta frivilliggruppa "Trivselsgruppa" prosjektmidlar frå Seljord kommune. Frivilligsentralen har ein samarbeidsavtale med Seljord kommune og Trivselsgruppa, og fører rekneskapen for gruppa. Sentralen har midlane til Trivselsgruppa ståande på ein eigen konto, og Trivselsgruppa har sjølv råderett over midlane. Både sentralen og Trivselsgruppa er nøgd med samarbeidet.

Innsats for andre

Eit samarbeid med Seljord Ungdomsskule og faget "innsats for andre". Frivilligsentralen har reklamert for elevane og satt dei i kontakt med enkeltpersonar som ynskjer gratis hjelp til småjobbar i Seljord sentrum. Elevane har også bidratt på Frivilligsentralen med å bl.a. pakke ned utstyr, organisere på lager, og flytta møblar. Gruppa har også «tatt over» Bruktbui ei veke i juni der dei sto i kassa, laga reklame, rydda, og tok vare på andre frivillige.

Småjobbar i Seljord kommune

Me har starta ein facebookgruppe der enkeltpersonar kan settast i kontakt med andre som kan bidra med småjobbar, t.d. å luften hund, hente ved, henge opp gardinar osv. Frivilligsentralen opplyser om arbeids- og betalingsregler, men har ikkje ansvar for evt. avtale mellom enkeltpersonar. Frivilligsentralen tar ikkje betalt for dette.

TV-aksjonen

Frivilligsentralen sit i aksjonskomiteen som bøssebæraransvarleg og kartansvarleg. Arrangementet vart gjennomført 22. oktober med godt resultat. Det er ein utfordring å finne bøssebærarar, og dette er ein trend fleire stader i Noreg.

Anna

- Seljord Frivilligsentral har 2 sykklar til bruk på Nesbukti pleie- og omsorgssenter, og Steinmoen omsorgssenter.
- I løp av 2023 har me hatt 3 sosiale treff/informasjonsmøte med dei frivillige.

Avsluttande ord

2023 har vore prega av endring og utvikling av Frivilligsentralen. Sentralen har knytta mange fleire band og fått fleire kontaktar i andre lag, organisasjonar, gruppar og bedrifter. Me har aktivt brukt sosiale media for å få ut informasjon, bl.a. ein vekeplan som oppdaterast kvar veke.

Tal som tel

- 33 er frivillige på sentralen, i tillegg til 20 stk. i Trivselsgruppa
- Dei frivillige i Bruktbui har til saman jobba ca. 2212 timar i 2023
- Det vart stekt ca. 1330 vaflar i 2023
- Seljord Frivilligsentral har hatt 152 innlegg på Facebook

Ei stor takk til alle frivillige, brukarar, organisasjonar, lag, foreiningar, Seljord kommune mm. for eit godt samarbeid i 2023!

Seljord 08.04.24

Rikke Christine Roseng
Dagleg leiar

støttespelar
for levande
lokalmiljø